Stadige fornyingar hos Auto 88 AS.

20.04.2016

Nytt hjulstillingsutstyr hos Auto 88

Det har skjedd mykje nytt hos Auto 88 AS på Brekketoppen sidan årsskiftet. Like etter nyttår skifta dei drivstoffleverandør til Knapphus Energi AS, og det har ført til lågare og meir stabile drivstoffprisar. Førre veka byrja ein ny erfaren bilmekanikar der, og sist fredag vart det montert flunkande nytt utstyr for hjulstillingskontroll.

Data vert registrert og sendt frå skjermane påkopla hjula.

Det nye hjulstillingsapparatet vart montert av Service-Ekspressen sist fredag. Houdgrunnen til det var at datamaskinen på det gamle frå 2003 ikkje fungerte slik den skulle. Christian Stensletten hos Auto 88 fortel at det nye utstyret er av same merke som det dei hadde før. Det er svært nøyaktig. Deler av utstyret vert festa til hjula. Frå skjermar på dette, vert så signal sendt trådlaust til datamasinen, og ein kan lesa av resultatet på skjermen.

Utviklinga går fort, og det må investerast i nytt utstyr for å følgja med i galoppen. Stensletten kan fortelja at det er fjerde hjulstillingsutstyret på verkstaden i hans tid der. Det vert også teke i bruk anna nytt utstyr med det første. Noko er kome i hus, og noko er på vei. Det rår ein svært optimistisk tone på arbeidsplassen.

Ein kan lesa av resultata på dataskjermen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.